

Årsmelding frå Sigdal - Eggedal skogeigarlag 2021

Styret i arbeidsåret har vore sett saman av:

- Leiar: Per Lyder Frøvoll
- Nestleiar og skrivjar: Leiv L. Nergaard
- Kasserar: Aase Lene Eckhoff
- Styremedlem: Per Green (studieleiar etter årsmøtet)
- Styremedlem fram til årsmøtet: Asbjørn Nubberud (studieleiar). Etter årsmøtet: Endre Tovsrud

Varamedlemmar

- Terje Blekabergh Kaasa
- Lasse Stæhr

Styret har hatt 11 møte, både fysiske og via teams. I tillegg har det vore ein god del samordning og anna arbeid via epost og SMS.

Representasjon

Per Lyder Frøvoll har representert skogeigarområdet i årsmøte og områdeleiar møte i Viken Skog SA, samt i andre møte. Leiv L. Nergaard har representert laget i dei mange møta i Sigdal næringsforum. I nokre møte og tilskipingar har også andre frå styret delteke. Aase Gunvor M Rolfsrud og Per Lyder Frøvoll har sitti i takstutvalet for ny skogbruksplan.

Covid 19

Pandemien har påverka aktiviteten sterkt spesielt i fyrste del av året. Det avgrensa aktivitetstilfanget for andelseigarane, og årsmøtet måtte gjennomførast via teams. På slutten av året letna restriksjonsnivået, slik at vi kunne gjennomføre informasjonsmøte om dei nye skogbruksplanene og haustmøte fysisk på Frydheim.

Sigdal næringsforum → Sigdal Utvikling

Skogeigarlaget har i fleire år vore representert i Sigdal næringsforum. I meldingsåret har møtefrekvensen auka kraftig, og viktigaste arbeidsoppgåva har vore å omorganisere for å styrke det næringspolitiske arbeidet. Skogeigarlaget ønska opphøveleg at det skulle etablerast eit nytt samvirkeforetak. Men fleirtalet ville danne eit AS bygd på ei endring i det eksisterande Visit Sigdal AS. Styret i Skogeigarlaget enda likevel med å tilrå for eit ekstra årsmøte at skogeigarlaget går inn som ein av fem stiftande organisasjonar i det nye Sigdal Utvikling.

Stormfellingane 19. november

Sigdal er den kommunen i landet der Skogbrand Forsikring SA har registrert flest skadetilfelle. Kommunen vår vart svært hardt råka av fønvind som ga dei mest omfattande vindfellingane som er målt nokon gong. Det gjekk spesielt hardt ut over furu og skog i god vekst, også mykje i h.kl III og IV. Styret har på ulike måtar prøvd å motivere til å auke maskinkapasiteten, men ikkje med godt nok resultat.

Nasjonalt besøkssenter for skog

Arbeidet med å gjera «Trillemarkasenteret» til eit senter for bruk og ikkje berre vern av skog er ein kontinuerleg prosess. Vi har fått gjennomslag for at det skal vera eit besøkssenter for skog. I statsbudsjettet for 2022 var det likevel sett av pengar til Autorisasjon for eit besøkssenter for skogvern. Og det var denne budsjettposten Trillemarka-senteret vart invitert til å søke pengar frå. Ordføraren har sendt brev til

energi- og miljøkomiteen og politisk leiing i miljøverndepartementet der det understreka at Trillemarkasenteret skal vera eit besøksenter for skog. Styret støttar dette initiativet og pressar stadig på for å få bruken av skog sterkare inn som ein viktig del av senteret.

Skogbruksplanene

Arbeidet med dei nye skogbruksplanene vart ferdig i meldingsåret, og dei fleste fekk planene sine på sommaren. Planene vart forseinka m.a. grunna koronapandemien. Av same grunn er fysiske møte om opplæring i bruk av skogbruksplanen på nettbrett telefon og web sett «på vent».

Andre aktiviteter som styret i laget har drivi med for bygda og andelseigarane:

- Årsmøte 25. mai 2021 på teams. 17 frammøtte.
- Skuleskogdag for barneskulane. Av smittevernomsyn vart skogdagen fordelt over to dagar.
- Høyringsfråsegn til Samfunnsdelen av kommuneplana.
- Høyringsfråsegn til endring i lokal forskrift om hundehald.
- Innspel til nye Vedtekter i Viken Skog SA
- Fysisk møte med GIS -konsulent Vebjørn Pollen om dei nye skogbruksplanene. Frydheim 28. oktober. Om lag 80 frammøtte.
- Fysisk haustmøte på Frydheim 6. desember med tømmerseier i Viken Skog SA. Lars Kristen Haug om organisering og prioritering av opprødding etter stormskadene. Orientering om praktisk motormanuelt arbeid med vindfallhogst ved instruktør Åsmund Grønning frå Skogkurs. Om lag 70 frammøtte.

Årsreknskap for Skogeigarlaget

Styret foreslår for årsmøtet at overskotet for året 2021 disponerast slik:
Overførast til eigenkapitalen i Sigdal og Eggedal skogeigarlag, kr 3 347,31.

Tømmersal og andelseigarar

I Sigdal og Eggedal var det 263 andelseigarar og det er 101 andelseigarar som har levert tømmer i 2021.

Tømmersal og prisar dei siste åra er:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Avvirkning i kbm	54475	51450	63427	65914	50725	62253	62535	45 060	48 479
Bruttoverdi i mill kr	16,2	17,9	21,4	22,1	17,7	25,2	26,7	16,4	21,7
Gj.sn. tømmerpris	298	348	337	336	349	405	427	363	448

Skogbruksleiar Marius Sannes slutta hausten 2021, og styret vil takke han for innsatsen han har gjort for skogbruket og andelseigarane i laget vårt. Lik eins takkar vi Bent Erik Ingensen som vore kontakten vår til Viken Skog SA på slutten av året. Nå onskar vi den nye skogbruksleiaren, Julie Baalerud Sand, velkommen og håpar og trur på eit godt samarbeid framover.

Stad: Eggedal

Dato: 8/3-2022

Per Linder Fjervoll

Per Green

Endre Torsrud

[Signature]
Arv. Jens B. EHM